

Nåden åleine

Preike i Åsane kirke 27. august 2017

Arne Mulen

Om nåde

Det finnest ei forteljing om ei mor som kom til keisar Napoleon og bad om nåde for son sin som var dømt til døden for forræderi. Napoleon avfeia kvinna og sa: Det denne sonen din har gjort er så alvorleg at han fortener den strengaste straffa. Men eg ber om nåde, ikkje om rettferd, svarte mora. Han fortener ikkje nåde, svarte Napoleon. Då sa mora: Viss han hadde fortent det, då var det ikkje nåde.

Ho hadde skjønt det, denne mora: Nåde er ufortent.

Når vi menneske skal snakke om Guds nåde, om korleis og kvifor Gud tilgir oss vår skuld, så må vi legge bort mykje av det vi har lært. Vi vil få det til å stemme. Vi reknar på det. Legg til og trekker i frå. Vi vil jo at det skal vere rett, eller endå viktigare: Vi vil at det skal vere *rettferdig*.

På vår veg gjennom livet handlar det mykje om rettar og krav, plikter, godtgjering, forteneste, kompensasjon og løn – og på den andre sida om straff, bot, degradering, reprimande. Og slik må det vel vere for at samfunnet skal fungere på eit vis.

Men det der blir heilt feil i forhold til nåde.

Nåde har ingenting med rettferd å gjere.

Men nåden gjer rettferdig, fordi den tar bort all vår skuld.

Nåden er faktisk djupt urettferdig, fordi den alltid er ufortent.

Viss ikkje det er ufortent, så er det ikkje nåde.

Krav på nåde?

Lat oss gå ei lita runde til med oss sjølv på akkurat den der:

Smittar vår måte å tenke om rett og rettar over på vårt forhold til nåde?

Kjem vi til kyrkje for å hente den nåden vi meiner vi har krav på?

Noko vi hentar ut på blå resept som ein sjølvsgd ting?

Eller noko som blir ein vane?

I tilfelle er vi i ferd med å miste grepet på nåden, og nåden er i ferd med å misse noko av si kraft i liva våre.

For nåde er alltid djupt ufortent, og berre forankra i ein einaste ting: Guds kjærleik til oss i Jesus Kristus.

Vi kan leve oss inn i situasjonen til den bortkomne sonen som var på veg heim til far sin (Lukas 15). For han var løpet køyrt. Ingenting kunne bli som før. Skamma var for stor, fallet for djupt, nederlaget for totalt. Det beste han kunne håpe på – var å få lov å få hyre som lausarbeidar på heimegarden.

Så blei det ikkje akkurat slik. Det blei varme omfamningar, det vart ring på fing, det vart fest og glede – og vi kan ane litt av sonen si erkjening: *Dette har eg ikkje fortent.*

Og det er først når vi står der – overvelda av Guds godleik imot oss – kombinert med ei erkjenning av " Dette har eg ikkje fortent " – at vi ser nåden i sin fulle glans.

Aller nådigst?

Mora som kom til Napoleon visste at det berre var håp for sonen sin viss Napoleon *kanskje kunne* bestemme seg for å vise godleik.

Og der er ein viktig skilnad mellom Napoleon og Gud. Napoleon kunne kanskje vise nåde – sånn aller nådigst. *Gud viser ikkje nåde aller nådigst.* Gud lengtar etter å vise nåde. Eg trur det er beste han veit – å la menneske få erfare hans nåde og kjærleik. Fordi Gud i sitt inste, djupaste vesen er *kjærleik*. For så høgt har Gud elska verda, at han gav Son sin...

Paulus oppsummerer dette i brevet til Efesarane: (Ef 2, 8-10)

For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.

Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv.

Nåden åleine

Når vi skal markere reformasjonen og det vi kan kalle Martin Luther si gjenoppdaging av det reine evangeliet, så må vi snakke sant også om dei Martin Luther kom i konflikt med.

Det er truleg feil å seie at på Martin Luther si tid kunne ein kjøpe syndsforlating. Når folk kjøpte avlatsbrev, så handla det nok ikkje om tilgjeving for synder, men meir om eit litt lettvint fritak frå botsøvingane som ein kunne bli beden om å gjere etter eit skriftemål. Og så var det også denne tanken om å sleppe noko lettare i skjærselden. Men sjølv dette med nåde for synder, har nok alltid vore ei gåve også i romersk-katolsk tradisjon – så langt eg har oppfatta det.

Men i dette med frelsa, så sto likevel ikkje nåden åleine. Dette med frelsa var eit stykke på veg eit samarbeidsprosjekt mellom Gud og menneske, der den truande skulle arbeide på si frelse, med «frykt og beven», mennesket skulle gjere sitt, og så skulle Gud ved sin nåde legge til det som mangla.

Då står ikkje nåden åleine.

Det var dette som vart så vanskeleg for Martin Luther. For når tid hadde han gjort sitt? Han tok ikkje lett på det. Som ung munk tok han klosterlivet på alvor. Kom han på etterskot i lesing av bibelske salmar og tidebøner, så tillèt han seg ikkje å hoppe over. Han kjende på at han måtte ta det igjen. Av og til låg han dagar og veker på etterskot.

Dette ordet Guds rettferd - det vart ei plage for han. Det var som eit heilt umogeleg krav å leve opp til. Sjølv om han prøvde alt han kunne. Det var eit slit og eit ork.

Så skjer det noko. I møte med ord som "Den rettferdige skal leve ved tru". Det vaks fram ein tanke hos han: Tenk om dette med Guds rettferd ikkje er eit krav, men ei gåve ved trua på Jesus?

Og der er vi midt i reformasjonen si kjerne. Nåden vart ståande åleine!

For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv.

Til alle menneske som måtte streve med det spørsmålet: Når har eg gjort mitt? - så svarer Jesus: *Eg har gjort ditt.*

Det einaste Gud ber oss om, er å ta i mot, å tru på Jesus, å tru at han døydde på korset for oss.

Nåden gjer oss like

Det kviler ikkje på gjerningar, seier Paulus. Og så henger han på ein hale som vi ikkje skal gløyme: *Så ingen skal skryte av seg sjølv.*

Nåden gjer oss menneske heilt like for Gud. Viss vi som er samla her i dag skulle meine at vi treng eit milligram mindre nåde enn dei som samlast til gudsteneste ute i Bergen fengsel – så held nåden igjen på å glippe for oss.

Då blir vi lett det som Mark Twain kalla «gode menneske – i ordets verste forstand». Og gode menneske i ordets verste forstand er gjerne ikkje så *nådige* mot kvarandre.

Slik som denne andre sonen i likninga, han som var heime, han som hadde tent sin Far trufast i alle år. Eit godt og skikkeleg menneske på alle måtar, men som faktisk ikkje tolte å sjå kor god Far hans var mot denne villstyringen av ein bror.

Gud gjer ikkje forskjell på folk. Det er eit ord som står overraskande mange gongar i Bibelen. Alle treng den same nåden. Og alle treng at nåden står åleine. Alle treng å høyre Jesus seie: Eg har gjort ditt! Alle treng å ta imot det, som ei gåve.

Nåden kallar

Og når dette har blitt vår tru og vårt håp og vår frelse, så kjem Jesus med eit kall: No skal du gå og *gjere mitt*. No skal du få gå ut i verda og gjere mine gjerningar. For i Kristus, er vi skapte til gode gjerningar, som Gud har lagt ferdige, så vi skal vandre i dei.

Den svake må forsvarast. Den svoltne må mettast. Den nakne må få kle. Den einsame må finne fellesskap. Den sørgande må trøystast. Den trufaste må takkast.

Det er ein god ting å gje pengar til gode føremål. Men om vårt kristenkall vert redusert til å gje pengar, så blir giroane våre nærmast moderne avlatsbrev. Luther tvilte aldri på verdien av dei gode gjerningane. Dei gode gjerningane må gjerast, til hjelp for vår neste og til ære for Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var er og vere skal, ein sann Gud, frå æve og til æve. Amen